



Geir Nyhammer Olsen
Vestre sikthaugen 13
5145 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1192 - 16/19929

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
19.10.2016

GBNR 45/26 - Vegframføring og parkeringsplass på Vikebø

Meland kommune viser til mottatt kopi av skriv frå Statens vegvesen til tiltakshavar Geir Nyhammer Olsen vedr. søknad om ny avkjørsel frå FV. 564 på gbnr 45/26 i Meland kommune datert 27.4.2016.

Etablering av parkeringsplass og avkjørsel er opprinneleg ei sak frå 2011. Meland kommune vart i 2011 kjend med at parkeringsplass og avkjørsle var bygd utan naudsynt godkjenning. Tiltaket vart etter etterspurnad frå kommunen omsøkt etter Kap. 20 i Plan- og bygningslova (Pbl). I tillegg vart det søkt Statens vegvesen om avkjøringsløyve slik den var etablert.

Saka frå 2011 blir avslutta, tiltaket krev ny søknad:

17.6.2015 var det vedtatt ny kommuneplan for Meland kommune. Dykkar eigedom ligg no i område B_13 (framtidig bustadbygging). Her er det krav om utabeiding av reguleringsplan før bygging. For dette tiltaket er De difor avhengig av at det blir gitt dispensasjon frå plankravet satt i kommuneplanen, og vidare godkjenning frå Statens vegvesen før kommunen kan handsama tiltaket etter kap. 20 i Pbl.

Føreliggjande sak blir no avslutta, det vert ikkje kravd gebyr for denne.

Vidare saksgang:

Statens vegvesen skriv: «*Statens vegvesen mener at infrastruktur og adkomstforhold til område B_13 må sees i sammenheng. Dette må også vurderes opp mot gjeldende reguleringsplan for Bergotunet, PlanID 1256201 10002. Etter vårt syn er det uheldig med enkeltavkjørsler langs denne vegen, og vi er derfor negativ til å tillate dette*».

Vegvesenet avventar søknadshandsaminga til tiltaket er planavklart med kommunen.

Sidan Statens vegvesen har uttalt at dei er negativ til enkeltutkjørslar til fylkesvegen oppmodar administrasjonen tiltakshavar til å gå i dialog med vegvesen, om det er mulig å gjere endringar på tiltaket som kan godkjennast av vegvesenet.

Meland kommune har ikkje tatt stilling til om ein eventuell dispensasjon frå plankravet kan gjevast. Ettersom parkeringsplassen og avkjørsle alt er etablert, er det er mest hensiktsmessig å få avklart med vegvesenet om det i heile tatt kan godkjennast, før kommunen vurderer om det er grunnlag for å gje dispensasjon.

Kan ikkje tiltaket godkjennast av Statens vegvesen må parkeringsplass og avkjørsle fjernast og tilbakeførast slik det opprinneleg var.

Ser vegvesen at avkjøring kan gjevast, vil kommunen handsame søknad etter Plan og bygningslova.

Bruksendring av fritidsbustad:

Det er ikkje søkt om bruksendring av fritidsbustaden. Blir fritidsbustaden nytta til heilårsbustad må det søkjast om bruksendring av bygget etter Plan- og bygningslova. Her slår òg plankravet inn, og det er avhengig av at det blir gitt dispensasjon. Vedrørande bruken av eigedommen, ber kommunen om ei tilbakemelding innan **9.11.2016**.

Frist for innsending av søknad:

Dersom kommunen innan **1.12.2016** ikkje har motteke nye opplysningar i saka, anser kommunen at krav frå Statens vegvesen ikkje er mulig å innfri, og parkeringsplass med avkjørsle må fjernast og stengast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om ny avkjørsel fra fv. 564 i Meland kommune, GBNR 45/26

Mottakere:

Geir Nyhammer Olsen, O. K. Charter AS	Trosteveien 5 A	5097	BERGEN
O. K. Charter AS	Vestbygdvegen 11	5918	FREKHAUG